



ÅRBOK FOR nordfjord

2025



NORDFJORD SOGELAG



Steinar Hilde med ein 16 mm spole i digitaliserings-studioet i 2016.

TA VARE PÅ FORTIDA – FOR FRAMTIDA: BYGDEFILMAR, DIGITALISERING OG TEKNISKE KULTURMINNE

Av OVE EIDE

Steinar Hilde (f. 1967) frå Innvik var mjølkebonde frå 1988 til 2008, som deltakar i Hilde Fellesfjøs. Allergi gjorde ikkje yrket så enkelt, men etter kvart opna det seg moglegheit for ein annan yrkesveg.

Det begynte som ein hobby for 25 år sidan, med at han digitaliserte nokre av sine egne kamera-kassettar. Han kjøpte seg videokamera på slutten av 1980-talet, og vart ein entusiastisk filmar. Til slutt hadde han opp mot 100 videokassettar – og spørsmålet kom: Korleis skal eg kunne bevare alt dette for ettertida? Svaret var digitalisering.



Eitt av til saman seks rom som er i bruk i den ombygde lada. Hilde kallar rommet for «Studio», og her blir det både digitalisert og laga historiske filmar.

Etter kvart vart det til at han hjelpte andre – og så vaks det på seg. I 2010 fekk Hilde eiga nettside, og etter at NRK-programmet «Norge Rundt» var på besøk i 2012, tok det heilt av, med spørsmål om hjelp frå heile landet. I 2012 bygde han om den gamle lada på gardstunet til næringslokale, og etablerte verksemda Filmdigitalisering AS. Steinar Hilde er sjølv lært på alt han driv med i dette firmaet: «Her var ikkje så mange plassar ein kunne lære om dette, så her var spekulering og prøve-/feile-metoden einaste vegen å gå.»

Steinar Hilde si verksemd kviler på tre bein: digitalisering av alle typar film, lysbilde og lyd, ei stor samling med teknisk utstyr og produksjon av lokalhistoriske filmar.

Digitalisering

Filmdigitalisering AS er grunnmuren og drivmotoren i firmaet og i Steinar Hilde sitt engasjement. Digitalisering betyr å ta i bruk datateknologi for å erstatte eldre format for opptak av lyd og bilde. Døme er å overføre smalfilm, videokassetar eller kassettopptak av lyd til ei datafil, og lagre dette på ein minnepinne. Firmaet tek oppdrag frå privatpersonar, arkiv, museum, bedrifter og ulike institusjonar.



Ferdig rigga til framsyning av «Innvikfilmen» i ungdomshuset Heimlund, Innvik, i 2023.

er nettopp det Steinar Hilde har gjort, med ei samling som viser fram viktige ting i den tekniske utviklinga innan lyd- og bilde-teknologi.

Bygdefilmar

Det tredje hovuddelen av Hildes engasjement er produksjon av lokalhistoriske filmar. Han har lenge hatt interesse for lokalhistorie, og gjennom dei siste 10–15 åra har han tatt vare på den nære historia gjennom fleire bygdefilmar, som han kallar dei. Desse filmane er bygde opp av gamle og nyare privatfilm som er spora opp frå skuffer og skåp. I slike opptak, sjølv om dei er korte, kan det skjule seg mykje verdifull kunnskap om tidlegare tider. «Olden-filmen» er eit godt døme på dette. Den ferdige filmen, som er 84 minuttar lang, er sett saman av 160–170 timar med gamle opptak. For «Innvik-filmen» har dei opptaka Magne Drageset gjorde av kvardagslivet i Innvik på 1970-talet, vore særskild viktige – med levande bilde av butikkane, båtane ved kaia og menneske som no er vekke. For filmen om Langvin jordbruksskule og «Fjordhesten – Historia i film» vart opptaka som rektor Olav Karstad gjorde, av stor verdi.

Steinar Hildes motto er «Ta vare på fortida for framtida». Særleg viktig er filmar som viser daglegliv og vanlege hendingar i bygdene. Dei fleste

Ei stor utfordring er at det innanfor dette feltet finst eit ual format og teknikk. For å klare dei svært ulike oppdraga folk ber om, har Hilde skaffa seg utstyr frå mange kantar av verda – frå kontaktar i både Asia, Amerika og Europa. Både institusjonar og privatpersonar har levert utstyr:

Saka er at for å spele av dei gamle format, må ein ha maskin frå den tid formatet var i bruk, eller ein avansert moderne skannar til smalfilm eller 16mm-film. Det har vore ei veldig utvikling, frå at eg kjøpte første 8mm-skannaren frå USA i 2004 til i dag. Problemet i starten var for lite datakraft til å lage datafiler av film – men det har verkeleg endra seg. Etterspurnaden etter digitalisering har vore stor heilt frå eg begynte. Men det minka under pandemien tidleg i 2020-åra, og har ikkje heilt tatt seg opp att.

Teknisk museum

Filmteknisk samling er namnet på museumsdelen i lada. For mange er museum ein stad der ein får møte «gamle dagar», gjennom jordbruksreiskapar, innbu, bygningar m.m. – ofte di eldre, di betre. Steinar Hilde har bygt opp eit litt annleis museum: Han har samla bilde-, film- og lyd-utstyr frå siste halvdel av 1900-talet til i



Utsnitt frå Filmteknisk samling med fleire store TV-kamera frå NRK m.m.

dag, avspjelings- og opptaks-apparat som fortel om teknologi som ein gong var moderne, men som i dag knapt har rom i det kollektive minnet vårt. Til saman har han no ei samling på nærare 10 000 objekt, og ho femner breitt: Her er gammalt NRK-utstyr, alt av lydavspjelingsmaskiner (band, kassetar, gramofonar, radioar), videoutstyr, fotoapparat av ulike årgangar, filmopptakarar, mikrofonar, film- og lysbilde-framvisarar. Hilde har også fått tak i Dizzie Tunes sitt heimebygde lyd- og film-studio.

Frå 1950-talet til i dag har det gått føre seg ei enorm utvikling innan film, foto og lyd – både på opptaks- og på framvisings-sida. I Noreg har vi kanskje ikkje vore så flinke til å ta vare på denne delen av kulturarven vår, men det



Kamera som blir brukt i bygdefilmproduksjonane, der Hilde set saman gamle og nye filmopptak. I nye filmopptak kan fleire kamera og dronar brukast til opptak på same tid.



Diverse 1960-, 1970- og 1980-tals videomaskiner. På nedste hylle (svart) ser vi studioutstyr frå Tor Erik Gunstrøm i Dizzie Tunes.

film nok helst dei store og spesielle hendingane i livet, som bryllaup, feriar, fødselsdagar – medan arbeidsliv og kvardagslege gjeremål ikkje får den same merksemda. Hilde fortel at han må ha sett tusenvis av meter med opptak av barn og familie-samkomer:

Eg har ikkje eksakt tal, men erfaringa mi er at berre fem til ti prosent av private filmar er opptak av kvardagsliva våre. Det aller meste er opptak av små, litt større og store barn.

Kjenslesterke møte med fortida

Filmar med sterkt feste i lokalmiljø, som viser liv, menneske og aktivitetar i bygda, kan bety mykje, både for enkeltmenneske og for heile bygdelag. Steinar Hilde er sjølv sterkt fascinert av gamle opptak:

Minna kjem så rikt og nært tilbake når ein ser levande bilde: glaskrukka med karamellar på butikkdisken, den raude bensinpumpa, bilane i vegen. Eg vil absolutt ikkje tilbake til gamle dagar, men det gjer utruleg godt å minnast, leve opp att ei tid som er forbi for lenge sidan.

Bygdefilmane som Hilde har laga, dokumenterer landskap (og endringar som har skjedd), arbeidsliv, kulturarv, fritid, klesdrakter, bilmodellar, bygningar – og let oss møte menneske som fortel om tider og hendingar som no er vekke. For Steinar Hilde er det eit mål at filmane skal få fram eit breitt kjensleregister – frå alvor til humor. Filmane er eit verdifullt dokument for framtida.

Gjennom bygdefilmane kjem ting og hendingar som har vore ute av minnet, nært innpå sjåaren – og vert levande att. For mange som har sett

desse framsyningane, har opplevinga blitt sterke emosjonelle reiser. Men filmene vekker ikkje berre sterke minne hos enkeltmenneske, dei bidreg også til bygging av lokal identitet og fellesskap. Dette har Hilde opplevd mange gonger:

I møte med filmene fell dei gamle tilbake i tid, og yngre tilskodarar får sjå – med eigne auge – korleis bygdene har endra seg – og kor mykje til dømes kvardagsliv, arbeidsmåtar og motar har endra seg. Slike dokumentasjonsfilmar vert berre meir verdifulle etter som tida går.

Fleire bygdefilmar?

Steinar Hilde er interessert i å lage fleire bygdefilmar – og gjerne ein større film om Nordfjord. Men for å få dette til lyt han ha lokale drivkrefter med på laget. Personar med lokalkunnskap og entusiasme som kan koordinere innsamling og inspirere til felles innsats i bygda. Slike personar som Roger Sevrin Bruland, Anne-Toril Vangberg og Knut Tjugen, som har vore viktige samarbeidspartnarar i filmene om Utvik, Olden og Loen. Hilde håpar no at Gloppen hiv seg på, og satsar på filmar om sine bygder: «Får vi med nordsida av Nordfjorden òg, har vi kanskje «Historia om Nordfjord i film» før eg pakkar i hop filmutstyret!»

Dei siste åra har det kome til ein ny type oppdrag: filming av lokale kulturhendingar. Musikalen «Mamma Mia» i Stryn og kor-arrangement i Hornindal er døme på slike oppdrag.

Steinar Hilde oppfordrar til meir filming av samtida:

I dag filmar vi fem sekund med telefonen, sender det ut på nettet, og truleg hamnar det meste av dokumentasjonen i den digitale søppelkassa. Opptak frå vår tid vil bli kjekt for dei som i framtida vil lage historiefilm om bygda si. Skaff dokke eit videokamera med minnebrikke, gå ut og film korleis det ser ut rundt der de bur! Det kjem sikkert til nytte og glede ein dag i framtida.

LOKALHISTORISKE FILMAR

Regi Steinar Hilde.
Produsert av Filmdigitalisering AS

BYGDEFILMAR:

Innvik-filmen 1 & 2, 2013 og 2015 –
relansert som ein film i 2023
Olden-filmen, 2016
Utvik-filmen, 2019
Loen-filmen, premiere hausten 2025

ANDRE

«Innvik i mai», 2014, oppdrag for 17.
mai-komiteén i høve 200-årsjubileum
for 1814

Historia om Skogstad Sport, 2015

Historia om Yrineset, 2015

Langvin jordbrukskule, 2017

«Fjordhesten – Historia i film», Nordfjord


Fjordhestlag 100 år, 2019

«Ull innerst i sjela», Gamle Innvik

Ullvarefabrikk, 2019

Moelven Bruk, 2024

Presentasjon/historiefilm til Gamle Innvik
Ullvarefabrikk, 2024



Utsnitt frå minikinoen, der møte og filmpremiarar finn stad. Her er også museum i same rom.

(Denne teksten byggjer på fleire besøk hos – og samtaler med – Steinar Hilde i den ombygde lada, der han held til med aktivitetane sine.)



Ove Eide, f. 1950

Lektor og pedagogisk leiar ved Firda vidaregåande skule, no pensjonist. Eide har skrivne og redigert ei rekkje bøker og artiklar om litteratur og lokalhistorie, m. a. om forfattaren Jakob Sande, Sandane turn- og idrettslag og Firda vidaregåande skule. Han er også ein stor filmentusiast.

ÅRBOK FOR nordfjord



2025

Årbok for Nordfjord 2025

Nordfjordingane som på 1800-talet og tidleg 1900-tal forlet fjordar og fjell med eit håp om eit betre liv i Amerika, kom til eit heilt anna landskap enn dei hadde vakse opp i. Andreas Sande reiste frå Lodalen til Montana i 1901. Der verka han ei tid som fotograf. På bilete han tok på «dei store slettene» på grensa til Canada, vert kontrastane tydelege. Markeringa av 200-årsjubileet for urvandringa til Amerika held fram, og Knut Djupedal har sett nærare på kvifor nordfjordingen reiste, og kven som for.

På Sørstranda i Gloppen har båtbyggjarfaget stått sterkt, og på midten av 1800-talet vart det bygt over hundre færingar i året på sørsida av Gloppefjorden. Kva gjorde at bygging av trebåtar vart ei så viktig næring her? På den andre sida av fjorden fekk ein langt større trebåt nytt naust i år.

Aage E. Kvendseth har gått Davik rundt med metalldetektor og har funne overraskande mykje. No skriv han om funna, og funderer samtidig på kva dei kan fortelje om tidlegare tider i Davik og grendene rundt.

«Fagre Stryn» er kanskje det meste kjende musikkstykket frå Nordfjord. Men det heitte ikkje alltid «Fagre Stryn». Og komponisten, som også står bak melodien til «Nordfjordsongen», var heller ikkje så mykje nordfjording som ein skulle tru. Arne M. Solvberg har sett på Per Bolstad sr. sitt tilhøve til Stryn og Nordfjord.

I ei ombygd lade i Innvik vert det digitalisert og laga historiske lokale filmar. Interesse for film har skapt både ein arbeidsplass og eit teknisk museum.

Nordfjordeid Sanitetsforening har vore sentral i mykje av det som har skjedd innan helse på Nordfjordeid og omland. Jorunn Hjelte har oppsummert 100 års arbeid. Hundre år er det også sidan Hoddevika fekk farbar veg, og Gaute Losnegård har sett på korleis det vart gjort. Og når vi først er på kysten, tek Per Jon Berstad oss med på teinefiske i Ervika, slik det var på 1960-talet.



NORDFJORD SOGELAG

ISBN 978-82-998213-3-9